



## Team Hardanger

### Referat frå møte i Team Hardanger

Torsdag 11. januar 2018 kl 09.00 – 14:00

Stad: Yrkesskulebygget, Granvin

**Tilstades:** Jan Tjosås, Natalia Golis, Lisbeth Bygstad Celik, Olav Seim, Sigmund Vereide, Rannveig Børve, Kjersti Børve, Marie Opheim, Øyvind Stueland, Elisabeth Wesenlund Hauge, Trude Rinaldo og Jostein Eitrheim

Forfall: Jondal kommune

Olav Seim ønska velkomen til Granvin og gav oss eit innblikk i korleis dei har teke i bruk det ledige yrkesskulebygget. Det inkludera mange og er eit godt brukt hus.

#### Sakliste:

1. *Fellesprosjekt «Heile Hardanger – Heile året»*

#### **Status:**

- Utkast er sendt inn og registrert i 2017
- Det gjenstår mykje arbeid.
- Forankring i kvar kommune må på plass, og den jobben må TH ta på seg. Forslag er å få kommunalt bidrag på plass med vedtak i kvar kommune, det vil spre eigarskap. Elles så er prosjektet forankra i det mandatet TH fekk av Hardangerrådet, som er utgangspunkt for søknaden.
- Ta standpunkt til korleis me går i dialog med Innovasjon Norge om næringsutvikling og gjennomføringa av å bli ein berekraftig reisemålsregion.

#### **Gjennomgang av søknaden, refleksjonar, tilbakemelding og råd.**

Prosjektet må me presentera og pakka slik at alle forstår det automatisk.

Ordlyd i prosjektsøknad må verta tydelegare. Eksempelvis handlar det om næringsutvikling, bedriftskultur, bedriftsutvikling.

Kva prosjektet er, kva prosjektet vil og forventat resultat må koma tydelegare fram. Dette er næringsutvikling, auke i aktivitet og det må koma kassa apparat der gjestene er.

Reiselivsnæringa er stor i Hardanger, det må understrekast.

Bærekraftsmålet er viktig. Her vil me bruka Innovasjon Norge sine allereie utvikla kriteriar og system, og sjølvstaga laga dette til vårt eige for Hardangerregionen.

Dette prosjektet er ikkje over, men på sida av andre som eit felles og regionalt prosjekt, der alle kommunane er eigarar. Prosjektet må også sikra at det er godt samarbeid med andre eksisterande prosjekt i regionen.

Organisering av destinasjonkontora er eige kapittel i søknaden, og viktig del av utvikling og samhandling for å nå strategiske mål.

Spørsmål kjem også om organisering av økonomi i dag og kva endring som er mogleg.

Kan Hardangerregionen ha felles funksjonar på kultur f. eks.

Forankring er viktig, også i dei framtidige kommunane.

## 2. Studietur til Gloppen 2017.

### **Oppsummering – oppfølging**

Det var ein veldig nyttig tur. Viktig å sjå at andre har same utfordringar men har lukkast. Og at drivkraft og vilje til å lukkast kan gje gode resultat.

Tilbakemeldingane om mange gode erfaringar, og at gruppe samansetjinga var spennande og nyttig. Nye nettverk er skapt. Fyrst ut er eit kokketreff arrangert av dei sjølve, men viktig at me held tak i det og legg til rette for vidare nettverksbygging.

Me må syta for at det vert invitert til ei fellessamling for alle som var med og alle som var invitert til å vera med på tur. Dette må gjerast no.

Neste studietur i prosjektet bør vera noko som tar for seg heilårsturisme.

Tema: Korleis dra fordelar av klimaet vår? Er det vår store formue?

Me bør tenkja på mediestrategi når tida er der. Det kan vera med å skapa engasjement for næringa og regionen vår.

## 3. Mandat for Team Hardanger

### **«Team Hardanger som møteplass for næringsorganisasjonane i Hardanger etter nedlegging av Hardanger Næringsråd.»**

Positive til at TH samarbeider med næringsorganisasjonane i Hardanger, og at ein evt kallar dei inn til TH-møte 1-2 gonger i året.

Korleis skal eit evt mandat mellom TH og Næringsorganisasjonane fungera? Skal det tilpassast ein organisasjon?

Det må takast opp på det fyrste møtet dei er invitert til, og då må ein leggja føringar for korleis dette skal organiserast og virka.

Kva med «Regional næringsstrategi for Hardanger, av 13.01.15», korleis brukar me den?

Bruksverdien av dette dokumentet har for nokon vore låg.

Strategien vert sendt ut med møtereferatet og teke opp til drøfting i eit møte med næringsorganisasjonane. Kan endringar gjera den meir aktuell?

## 4. Runde rundt bordet – Nytt frå kvar kommune.

### **Kvam:**

Hardangerbadet er veldig nær realisering.

Kanskje det er nye drivarar på Meieriet.

Stor etterspørsel etter næringslokaler i Kvam.

### **Odda:**

Trolltunga AS er ute av kommunen og eit AS er skipa. Nytt styre kjem med rett og ulik kompetanse, og det skal lysast ut dagleg leiar stilling.

Prosjektering av nytt vegkryss inn til Smelteverkstomta.

### **Næringshagen i Odda**

Etablering er på gang på smelteverkstomta, bl. anna COOP

Gjevt 30 -35 etablerar i året. Heile tida auke og størst innanfor reiseliv og industri

Prosjektet «Totalpakke reiseliv» arbeider godt.

### **Granvin:**

Ny kvar dag etter at alle tunnelane er ferdige, og nytt næringsområdet på Eide er godt igang,

Moelven går veldig bra, og dei skal bl.a investera i ny kai.

Ny kommune er eit stort arbeid og tek mykje tid.

### **Ullensvang:**

Stor pågang og utviklingsprosjekt. Over 40 prosjekt innanfor fornying av frukttre, nye produsentar, utleige, oppgradering og nybygg. Mange prosjekt med Innovasjon Norge.

### **Eidfjord:**

North Connect sine planar i Eidfjord er til godkjenning, og trur det skal gå bra. No er kommune på banan for utnytta moglegheitene denne fjernvarmen gjev. Eidfjord Resort har søknad inne, og kommunen arbeider med tilrettelegging.

### **Ulvik:**

Midlar er kome frå nasjonalt hald til produksjonskule på Hjeltnes. Dette er veldig bra! Søknad til lokalmat fagskule er godkjent. No må fylke vei. Ulvik herad kjøper Holmen til utvikling. Dei bygger ny sjukeheim. Veldig mange nye bedrifter i Ulvik.

### **Næringshagen Øystese**

Styreseminar opplæring i styrearbeid.

Mange nyetableringar

Den 8.mars inviterar næringshagane på Voss og i Hardanger til felles Innovasjonskonferanse

## *5. Møteplan 2018 for Team Hardanger*

Framlagt plan er vedteken :

Torsdag 15.03.18 i Ulvik

Torsdag 31.05.18 i Odda

Torsdag 06.09.18 i Kvam

Torsdag 08.11.18 i Ullensvang

## *6. Studietur 2018*

Tema og fokus på lågsesong og utvikling av næring.

Turen går til Lofoten i veke 45

## *7. Innmeldte saker*

### **- Skjønnsmidlar frå fylkesmannen**

Dagleg leiar spela inn at det er ledig posisjon som miljøregion i Norge. Er me litt raske, fornuftige og ambisiøse så kan me får til dette. Her kan me utifrå kriteriar for Skjønnsmidlar søka om midlar til eit forprosjekt frå skjønnsmidlane til Fylkesmannen.

Må finna ut kva kommunane i regionen vil og kva ein slik pilot kan gjera for regionen vår.

Dette er viktig å drøfta , og så må Hardangerrådet ta stilling til kva dei vil.

Kva er status på klimaplanar i kommunane i dag ?

Dette kan også sjåast i samsvar med mandatet og bestillinga Hardangerrådet gjorde til TH.

### **- Samarbeid filmlocation Hardanger- Hallingdal**

Hardangerrådet har gjeve tilsagn på kr 400 000 inn i eit stort felles prosjekt, forutsatt at prosjektet vert fullfinansiert.

Dette er ei næring som kan bidra til auka omsetning, også i lågsesong.


### **- Norsk hydrogensymposium i Odda.**

Invitasjon og informasjon om symposiet.

- **Arealguiden.no**
- **Etablerarteneste:**

## 8. Ymse

Tal bedrifter pr innbyggjarar er veldig bra i Hardanger og Voss.



Granvin 11.01.2018

Natalia Golis/s  
Leiar

Jostein Eitrheim  
sekretær